



Statsforvaltaren i Rogaland

TILSYNSRAPPORT - VEDTAK

Skulebasert vurdering

Time kommune – Frøyland skule

05.01.2021

Samandrag

Vi fører tilsyn med Time kommune. Temaet for tilsynet er skulebasert vurdering, og blei frå 13.12.2019 skilt ut som eige tema i felles nasjonalt tilsyn. Skulebasert vurdering er skulen si jamlege vurdering av i kva grad eiga verksemd medverkar til å nå måla i læreplanverket. Det overordna føremålet med tilsynet er at skulebasert vurdering på denne måten medverkar til at elevane får eit best mogleg utbytte av opplæringa.

Vi har funne at Frøyland skule gjennomfører aktivitetane regelverket krev i § 2-1 i forskrift til opplæringslova. Dei samla funna våre viser likevel at delar av den skulebaserte vurderinga er fragmentert og ikkje systematiske nok. Konsekvensen av dette er at skulen ikkje oppfyller krava på alle områda.

Kommunen fekk ein førebels tilsynsrapport og har ikkje uttalt seg innan fristen. Vi gjer no vedtak med pålegg om retting. Kommunen har rettefrist til 05.04.2021.

Innhald

1	Innleiing.....	3
1.1	Kort om kommunen og skulen.....	3
1.2	Om gjennomføringa av tilsynet.....	3
1.3	Formålet med tilsynet	4
2	Skulebasert vurdering.....	5
2.1	Rettslege krav.....	5
2.2	Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar	6
2.2.1	Skulebasert vurdering på Frøyland skule	6
2.2.2	Medverknad i den skulebaserte vurderinga	9
2.2.3	Oppsummering.....	12
3	Varsel om pålegg om retting.....	12
4	De kan gi tilbakemelding på rapporten.....	Feil! Bokmerke er ikke definert.
	Vedlegg: Liste over dokumentasjon	14

1 Innleiing

Vi fører tilsyn med offentlege skular, jf. opplæringslova § 14-1 første ledd, jf. kommunelova kapittel 30.

I tilsyn kontrollerer vi om skulane oppfyller opplæringslova med forskrifter.

Våre tilsyn er offentlig myndigheitsutøving, noko som inneber at vi skal gjennomføre tilsynet i samsvar med reglane i forvaltningsretten og offentliglova. I tilsynet behandlar vi personopplysningar. Les meir om vår behandling av personopplysningar på [www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/](http://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/tilsyn/).

1.1 Kort om kommunen og skulen

Time kommune er ein kommune med ca. 19 000 innbyggjarar. Time-skulen har rundt 2 600 elevar fordelt på 9 skular. Time kommune har nyleg vedtatt skulebruksplan for 2020-2028. Måla for kommunen er inkluderande læringsmiljø og at barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikle potensialet sitt. Her omtaler planen særleg behovet for at elevane skal utvikle grunnleggande ferdigheiter tidleg.

Tilsynet skal vere risikobasert. Risikovurderinga byggjer på informasjon Statsforvaltaren har frå ulike kjelder; kvantitative data, informasjon frå klagesaker og tilsyn og informasjon frå sektor og andre.

Frøyland skule er ein barneskule og har 389 elevar og 34 lærarar. Elevundersøkinga viser at Frøyland skule skårar lågt på mellom anna elevdemokrati og elevmedverknad, motivasjon og vurdering for læring. Resultata frå nasjonale prøver over tid viser at ca. 1/3 av elevane er på meistringsnivå 1 i lesing, og tala frå nasjonale prøver på 8. trinn viser at det er tilsvarande mange elevar på meistringsnivå 1 og 2.

1.2 Om gjennomføringa av tilsynet

Vi opna tilsyn med Time kommune i brev 23.06.2020. De vart pålagde å levere dokumentasjon til oss. Vi har fått dokumentasjonen for å gjennomføre tilsynet.

Temaet for tilsynet er skulebasert vurdering, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1.

Vi har ikkje sett på korleis de oppfyller andre krav i regelverket.

Dersom Frøyland skule ikkje følger regelverket, kan vi pålegge retting.

Det er kommunen som har det overordna ansvaret for at krava i opplæringslova blir gjennomførte, jf. opplæringslova § 13-10 første ledd. Vi gir derfor eventuelle pålegg i tilsynet til kommunen som har ansvaret for at skulen rettar opp brot på regelverket.

Vi sende foreløpig tilsynsrapport til dykk 04.12.2020. I han presenterte vi våre foreløpige vurderingar og konklusjonar.

1.3 Formålet med tilsynet

Opplæringssektoren skal arbeide med kvalitet i opplæringa i alle ledd, frå nasjonale myndigheiter og skuleeigarar til skuleleiarar og lærarar. Kvalitetsarbeidet strekk seg frå lokal kompetanseutvikling gjennom nasjonale satsingar, kompetansepakker og desentralisert ordning til den enkelte skulen som driv skulebasert vurdering. Rapporten frå *Ekspertgruppe for skolebidrag*¹ legg vekt på at vurdering og utvikling av kvalitet må skje i lys av den enkelte skulen sin kontekst og utfordring. Derfor blir den skulebaserte vurderinga viktig i kvalitetsarbeidet.

Profesjonsfellesskap og skuleutvikling skal vere eit prinsipp for skulen sin praksis². God skuleutvikling krev rom for å stille spørsmål og leite etter svar, og eit profesjonsfellesskap som er oppteken av korleis praksisen i skulen bidrar til at elevane lærer og utviklar seg. Alle tilsette i skulen må ta aktivt del i det profesjonelle læringsfellesskapet for å vidareutvikle skulen. Det inneber at fellesskapet reflekterer over verdival og utviklingsbehov, og bruker forskning, erfaringsbasert kunnskap og etiske vurderingar som grunnlag for målretta tiltak.

Skuleeigarar, skuleleiarar og lærarar har ut frå sine ulike roller eit felles ansvar for å legge til rette for god utvikling i skulen. Dei må saman sørge for at praksisen i skulen er i samsvar med heile læreplanverket.

I NOU 2019:23 *Ny opplæringslov*³ seier utvalet at *arbeid med kvalitetsutvikling i skulen er viktig for å sikre barn sin grunnleggande menneskerettar og for å nå måla med opplæringa*. Vidare meiner utvalet at det bør vere eit eksplisitt krav i ny lov at kommunane skal arbeide for å oppretthalde og heve kvaliteten i opplæringa. Skulebasert vurdering vil vere grunnlaget for kommunen si kvalitetsutvikling.

Skulebasert vurdering er skulen si jamlege vurdering av i kva grad eiga verksemd medverkar til å nå måla i læreplanverket. Dette betyr at skulen skal vurdere organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa. Det overordna føremålet med tilsynet er at skulebasert vurdering på denne måten medverkar til at elevane får eit best mogleg utbytte av opplæringa.

Tilsynet skal bidra til at kommunen som skuleeigar sørger for at skulen ved skulebasert vurdering

- har brei og samla vurdering av måloppnåinga til elevane
- vurderer om endringar kan bidra til auka måloppnåing hos elevane
- følger opp eventuelle endringar
- sikrar ein brei medverknad i gjennomføringa
- sikrar at elevane medverkar i den skulebaserte vurderinga

¹ <https://nettsteder.regjeringen.no/skolebidrag/files/2020/09/Kunnskapsgrunnlag-Ekspertgruppe-for-skolebidrag.pdf>

² <https://www.udir.no/lk20/overordnet-del/3.-prinsipper-for-skolens-praksis/3.5-profesjonsfellesskap-og-skoleutvikling/>

³ <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/nou-2019-23/id2682434/?ch=1>

- gjennomfører vurderinga jamleg

Dette er viktige føresetnader for at organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa kan forbetrast, slik at elevane i større grad når måla for opplæringa.

2 Skulebasert vurdering

2.1 Rettslege krav

Skulen skal bruke eit breitt kunnskapsgrunnlag for å vurdere om elevane når måla i læreplanverket

De skal jamleg vurdere i kva for grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa bidrar til at elevane når måla i læreplanverket, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1. I vurderinga må de samanhalde resultatet av opplæringa med mål og prinsipp i læreplanverket. De må ha eit kunnskapsgrunnlag som reflekterer breidda av måla i læreplanverket, både faglege mål og mål som omfattar trivsel og utvikling hos elevane på andre område. De må bruke kunnskapsgrunnlaget til å vurdere i kva for grad elevane når måla for opplæringa.

Skulen skal vurdere om endringar i organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa kan bidra til auka måloppnåinga hos elevane

Den skulebaserte vurderinga skal identifisere kva for endringar som best kan auke måloppnåinga for elevane. I kravet ligg det at de må vurdere ulike typar endringar, til dømes nye tiltak, utviklingsarbeid eller ei vidareføring av det de allereie gjer. De må vurdere endringane for skulen som heilskap, sjølv om konsekvensane av endringane i nokre tilfelle primært vil vise seg for enkelte klasser eller for enkelte fag.

Skulen skal evaluere dei iverksette endringane og gjere nødvendige tilpassingar

Hensikta med den skulebaserte vurderinga er å sørge for at skulen lærer og utviklar seg slik at elevane i enda større grad kan nå måla i læreplanverket. Når de gjennom vurderinga avdekkjer forbedringsområde, må de derfor følge opp dette vidare. Dersom endringane ikkje fører til betring, må de gjere nødvendige tilpassingar.

Skulen skal ha ein brei og representativ medverknad i arbeidet med skulebasert vurdering

Vurderinga må involvere alle partar det vedkjem i analysen og i arbeidet med endringar og tiltak på bakgrunn av analysen. Gjennom vurderinga blir personalet bevisstgjort på samanhengen mellom gjennomføringa av opplæringa og i kva for grad elevane når måla. Lærarane er sentrale i å gjennomføre dei fleste endringstiltaka. De vurderer elles kven som skal delta.

Skulen må involvere elevane i den skulebaserte vurderinga

For å kunne vurdere i kva for grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa bidrar til at elevane når måla i læreplanverket, må de involvere elevane. Det kan variere kva for elevgrupper og kor mange ut ifrå kva som er temaet, men de skal alltid involvere elevane, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1.

Skulen skal gjennomføre skulebasert vurdering jamleg

De må gjennomføre skulebasert vurdering jamleg, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1. I

utgangspunktet bør skulen gjennomføre vurderinga årleg, men samstundes vurdere tidsbruken opp mot kva som er forsvarleg.

2.2 Våre observasjonar, vurderingar og konklusjonar

Utdanningsdirektoratet har utvikla støttemateriell for å driva kvalitetsarbeid i opplæringa⁴. I kvalitetsarbeidet må skulen stille seg dei overordna spørsmåla *Kva veit vi? Kva får vi til? Kva kan vi bli betre på? Korleis kan vi endre praksis?* Kvalitetsarbeid inneber at skulen set seg mål, vel tiltak og evaluerer. Som ein del av desse prosessane hentar skulen inn informasjon om nåsituasjonen og lagar felles mål eller framtidbilete. For å sørge for at tiltaka blir gjennomførte og evaluerte undervegs, anbefaler vi at skulen set seg delmål eller milepålar. Faste stopp-punkt undervegs vil også bidra til at skulen arbeider systematisk og heilskapleg. Profesjonsfellesskapet og elevmedverknad er sentrale for å drive kvalitetsutvikling i skulen. Eit kjenneteikn på eit profesjonsfellesskap er at de saman vurderer og vidareutviklar skulens praksis og at fellesskapet bruker forsking, erfaringsbasert kunnskap og etiske vurderingar som grunnlag for målretta tiltak.

Kontrollspørsmåla i tilsynet er utarbeidd frå dei rettslege krava, og belyser korleis skulebasert vurdering er eit kvalitetsarbeid i den enkelte skule. Vi legg svara i RefLex, intervju og innsendt dokumentasjon til grunn for vurderingane våre om skulen oppfyller krava i regelverket.

2.2.1 Skulebasert vurdering på Frøyland skule

Skulebasert vurdering kan delast inn i tre delar. Å få oversikt over nåsituasjonen, identifisere, velje og gjennomføre endringar, og deretter evaluere og justere endringane. I alle delane stiller regelverket krav om at skulen skal gjere vurderingar av eigen praksis opp mot føremålet; at elevane skal nå måla i læreplanverket. Eigen praksis er å forstå som organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa.

Bruker skulen eit breitt kunnskapsgrunnlag for å vurdere om elevane når måla i læreplanverket?

I intervju og RefLex kjem det fram at Frøyland skule samlar inn resultat frå både nasjonale kartleggingar som Elevundersøkinga, Foreldreundersøkinga, kartleggingsprøver og nasjonale prøver, og lokale kartleggingar som trivselsundersøkingar, SOL, Alle teller og Carlsten. I tillegg har skulen eit system for å gjennomføre elev- og utviklingssamtalar og årsvurdering av IOP, og bruker Conexus Engage og Visma Flyt skole til å registrere resultat og undervegsvurderingar. *Overgangsplan for aldersgruppe 0-16 år* viser også at informasjon frå barnehagane er ein del av skulen sitt kunnskapsgrunnlag. Leiinga har kjennskap til skulen sin praksis mellom anna gjennom leiarvandring, og at leiinga deltek på lagmøte. I tillegg har rektor jamleg trinnsamtalar med kvart trinn. Statsforvaltaren meiner at skulen har eit breitt kunnskapsgrunnlag tilgjengeleg.

Regelverket krev at skulen skal bruke kunnskapsgrunnlaget for å vurdere i kva grad elevane når måla i læreplanverket. Slik vil skulen ha eit bilete av nåsituasjonen som legg grunnlaget for vidare kvalitetsutvikling. I ei slik vurdering må skulen reflektere over samanhengen mellom eigen praksis og elevane si måloppnåing. Time kommune har eigen rutine for analyse av resultat frå

⁴ <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/kvalitetsarbeid-i-opplaringen/>

nasjonale prøver og bruk av pedagogisk analyse, og skuleeigar følger opp resultat frå nasjonale prøver og Elevundersøkinga i dialogmøte med skuleleiinga. Frøyland skule følger Olweus-programmet og har gjennom det systematisk oppfølging av resultatata frå trivselsundersøkingar. Oversikten over PU-tid viser også at det er lagt inn stopp-punkt for etterarbeid med nasjonale prøver og Olweus-programmet. Olweus er også tema på lagmøta. Vi kan ikkje sjå at det er sett av stopp-punkt til å vurdere resultatata frå Elevundersøkinga eller resultatata frå kartleggingsprøvene. Vi meiner likevel at skulen har system for å vurdere det kvantitative kunnskapsgrunnlaget.

Inneverande skuleår har Frøyland skule to utviklingsområde; lesing og livsmeistring. Utviklingsplanen viser til resultatata frå Elevundersøkinga, Foreldreundersøkinga og nasjonale prøver 5. trinn. Planen viser ikkje til analyser av desse resultatata. Skulen grunnjev valet av lesing som satsingsområde med tala frå nasjonale prøver over tid. Planen synleggjer ikkje grunnlaget for val av livsmeistring. Skulen har hatt lesing som utviklingsområde over fleire år, og livsmeistring var også utviklingsområde førre skuleår. Statsforvaltaren meiner at evaluering av utviklingsområde frå tidlegare år bør vere ein sentral del av kunnskapsgrunnlaget. Ei evaluering kan vise kva i skulen sin praksis som bidrar positivt til elevane si måloppnåing.

Vi er berre kjende med referat frå dialogmøta med skuleeigar frå 2018 og 2019. Her ser vi at skulen gjer nokre vurderingar av resultatata frå nasjonale prøver, Elevundersøkinga og Foreldreundersøkinga. I tillegg har skulen sendt inn referat frå lagmøte, trinnmøte og møte i utviklingsgruppa. Denne dokumentasjonen viser ikkje at skulen har vurdert kunnskapsgrunnlaget og stilt seg spørsmålet; kva er det i skulen sin praksis som bidrar til at elevane når måla i læreplanverket. Det blir ikkje skriva referat frå trinnsamtalane.

I intervjuet kjem det fram at rektor gjer vurderingar av kva det er i skulen si organisering, tilrettelegging og gjennomføring som ligg bak resultatata. Til dømes viser ho til vidareutdanning av engelsklærarar, auka stabilitet i personalet og at å heve lesekompetanse hos elevane kan føre til betre resultat i rekning.

Vi ser at skulen har arbeidd kollektivt med fagfornyinga det siste året. I intervjuet kjem det fram at tilsette opplevde at korona-stengde skular forstyrra dette arbeidet. I plan for PU-tid ser vi at det er sett av tid til vidare arbeid med dette. I undersøkingane våre kjem det fram at rektor tek stikkprøver av periodeplanar i faga. Dei samla funna våre viser likevel ikkje at skulen vurderer elevane sin kompetanse opp mot kompetansemåla, og at det derfor er uklart for oss kva kunnskap skulen har om elevane si måloppnåing i faga.

Statsforvaltaren vurderer at skulen har eit fragmentert bilete av nåsituasjonen. Dei samla funna viser at skulen gjer enkelte vurderingar av kunnskapsgrunnlaget. Skulen spør seg sjølv i for lita grad *kvifor* resultatata er som dei er, eller tolkar resultatata i lys av observasjonar og erfaringar frå skulen sin praksis. Vi meiner også at resultatata frå nasjonale prøver på 8. trinn burde vore ein sentral del av kunnskapsgrunnlaget. Vi ser at skulen er kjende med resultatata frå arbeidet på planleggingsdagen, men resultatata er ikkje ein del av kunnskapsgrunnlaget i utviklingsplanen. Resultata frå nasjonale prøver 2020 viser framgang i lesing på 5. trinn, men ikkje på 8. trinn. Då må skulen undersøke *kvifor* det er slik. Kva er det i skulen sin praksis på småtrinnet som fører til betre resultat i lesing? Kva er det i skulen sin praksis på mellomtrinnet som hindrar vidare utvikling? Korleis er samanhengen mellom kartleggingsprøvene?

Statsforvaltaren sin konklusjon er at Frøyland skule har eit breitt kunnskapsgrunnlag, men at dei ikkje i tilstrekkeleg grad vurderer om elevane når måla i læreplanverket. Frøyland skule oppfyller dermed ikkje alle krava i regelverket på dette punktet.

Vurderer skulen om endringar i organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa kan bidra til auka måloppnåing hos elevane?

Skulen si skulebaserte vurdering skal identifisere kva for endringar som best kan auke måloppnåinga for elevane.

Dokumentasjonen viser at Frøyland skule identifiserer lesing og livsmeistring som utviklingsområde skulen vil vidareføre. Skulen vurderer at dei over tid har hatt svake resultat på nasjonale prøver og vel derfor å fortsette med lesing som satsingsområde. Rektor seier at livsmeistring passa godt til arbeidet med fagfornyninga. Skulen har utarbeidd effekt mål, resultatmål og delmål for desse to områda, og tiltak for å nå dei ulike måla.

Lærarane har jobba med tiltak i utviklingsplanen på planleggingsdag og kome med innspel til kva tiltak som best kan auke måloppnåinga for elevane i dei to utviklingsområda. Tidlegare utviklingsplanar viser at nokre tiltak blir vidareførte, andre avslutta, og nye tiltak blir lagt til i årets plan. Dei samla funna våre viser ikkje at tidlegare evalueringar blir lagt til grunn for desse vurderingane. Dette kan føre til at skulen vel tiltak som er mindre målretta og har lågare effekt enn ønska. I tillegg til tiltaka som er omtalte i utviklingsplanen, viser undersøkingane våre at leiinga har valt å bruke ressursar på mindre grupper blant dei yngste elevane. Skulen bruker også leselærer for å hjelpe kontaktlærarane og har starta eit lesesamarbeid med ungdomsskulen. Vi vurderer at endringane skulen gjer er for skulen som heilskap.

Referat frå dialogmøte med skuleeigar viser at leiinga gjer vurderingar av ulike tiltak. Møtet i februar 2019 viser at skulen har gjort konkretiseringar av strategiar og tiltak i arbeidet med grunnleggjande ferdigheiter. I tillegg ser vi referansar til faglitteratur i utviklingsplanen som vi antar ligg til grunn for val av tiltaka. Undersøkingane våre viser dermed at skulen gir døme på at dei identifiserer endringar av organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa som kan bidra til auka måloppnåinga hos elevane. Dokumentasjonen viser i lita grad innhaldet i vurderingane som skulen gjer, men på bakgrunn av intervjuet meiner vi likevel at det er sannsynleg at skulen vurderer ulike endringar.

Statsforvaltaren si vurdering er at Frøyland skule identifiserer endringar som kan føre til auka måloppnåing hos elevane, og at endringane dei gjer er for skulen som heilskap. Vi meiner også at skulen har sannsynleggjort at dei vurderer ulike endringar, og at dei oppfyller krava i regelverket også på dette punktet.

Evaluerer skulen dei iverksette endringane og gjer nødvendige tilpassingar?

Hensikta med den skulebaserte vurderinga er å sørge for at skulen lærer og utviklar seg slik at elevane i endå større grad kan nå måla i læreplanverket.

I *Utviklingsplan 2020-2021* finn vi ei oversikt over i kva samanhengar arbeidet skal evaluerast. I hovudsak legg planen opp til deling og utveksling av erfaringar i PU-tid, trinnmøte og saman med elevrådet. I møteplanane for laga finn vi at nokre endringstiltak står som tema for møte, men i referata vi har tilgjengelege finn vi ikkje at endringstiltaka blir evaluerte i desse møta. Vi finn ikkje

att i møteplanar eller referat at tiltak blir evaluerte i lag med elevrådet. Våre vidare undersøkingar synleggjer at fleire endringstiltak likevel blir gjennomførte av lærarane og at det førekjem diskusjonar på laga omkring praksis. Samtidig viser undersøkingane våre at arbeidet varierer. God praksis for å evaluere verknaden av eit utviklingsarbeid er å ha tidfesta stopp-punkt på ulike nivå for å reflektere og stille spørsmål med i kva grad endringa av praksis har ført til auka måloppnåing for elevane. Ei føresetnad for arbeidet er at skulen systematisk prøver ut tiltaka og at kunnskapen må koma heile skulen til gode. Planar og referat for lag, PU-tid og utviklingsgruppa synleggjer ikkje at skulen har lagt til rette for eit slikt forpliktande og systematisk arbeid.

For å kunne evaluere arbeidet undervegs, må skulen ha noko å måle etter. Slike delmål kan vere utforma som framtidsbilete⁵ med teikn på god praksis. Vi finn at skulen har delmål. Likevel finn vi ikkje at skulen systematisk evaluerer praksis opp mot desse delmåla.

Vi vurderer at evalueringsarbeidet på Frøyland skule berer preg av å vere tilfeldig og fragmentert og derfor lite eigna til å avdekke kva endringar som fører til betring og ikkje.

Regelverket krev at dersom endringane ikkje fører til betring, må de gjere nødvendige tilpassingar. Når vi samanliknar utviklingsplanen frå 19/20 med planen for 20/21 ser vi at skulen har tatt bort og lagt til tiltak. Vi har likevel ikkje funne samanhengen mellom desse endringane og dei evalueringane skulen gjorde i 19/20. Plan for PU-tid har eitt møte no hausten 2020 kor det skal vere *fokus på delmåla og evaluering av kursen*. Då vi har vurdert at skulen undervegs ikkje evaluerer systematisk nok til å avdekke om endringane fører til betring, vil ikkje dette møtet vere tilstrekkeleg for å vurdere kva nødvendige tilpassingar som må gjerast undervegs.

Vi vurderer at manglane i skulen sitt evalueringsarbeid får konsekvensar for i kva grad skulen lærer og utviklar seg slik at elevane i større grad kan nå måla i læreplanverket. Vi er ikkje kjende med at leiargruppa evaluerer evalueringsarbeidet på systemnivå og gjer nødvendige tilpassingar for å betre arbeidet.

Statsforvaltaren sin konklusjon er at skulen ikkje oppfyller krava i regelverket for å evaluere dei iverksette endringane eller gjer nødvendige tilpassingar.

2.2.2 Medverknad i den skulebaserte vurderinga

Skulen skal ha ei brei og representativ medverknad i den skulebaserte vurderinga. Føremålet er at skulen skal få kunnskap om erfaringane til dei det angår for å utvikle ein praksis som fører til best mogleg læring for elevane.

Sørger skulen for ein brei og representativ medverknad i den skulebaserte vurderinga?

Våre undersøkingar viser at skuleeigar er involvert i vurderingane og ein sentral part i den skulebaserte vurderinga, spesielt i analysen og i arbeidet med leiarstrategi.

⁵ <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/utvikle-praksis-sammen/lage-felles-mal-eller-fremtidsbilde/#128322>

Skulen har eit etablert FAU og SU. Vi finn at utviklingsplanen skal vere sak på neste FAU-møte og at FAU er kjende med skulen sine utviklingsområde. Rektor har orientert om resultatane på mellom anna Elevundersøkinga og nasjonale prøver. I referat frå møte med både FAU og SU les vi at dei har ønskje om at skulen jobbar med motivasjon, elevdemokrati og medverknad. Vi er også kjende med at føresette har etterspurt elevane sin digitale kompetanse. I utviklingsplanen finn vi at innspel er tatt med vidare ved at desse temaa er omtalte under kunnskapsgrunnlaget. Vidare er vi kjende med at FAU har gitt høyringssvar på skulebruksplan om temaa rekruttering og lesedugleik. I dokumentasjonen finn vi ikkje korleis innspel blir tatt med i skulen sine vurderingar av endringar og tiltak.

Samarbeidsutvalet (SU) er eit rådgjevande organ som kan uttale seg om *alle saker som gjeld skulen*. Då utvalet består av representantar frå både undervisningspersonalet, andre tilsette, foreldrerådet, elevane og kommunen, vil arbeidet her kunne bidra til brei og representativ medverknad. Vi er ikkje kjende med eit årshjul for skulen sitt SU. Undersøkingane våre viser ikkje at skulen har eit bevisst forhold til kva SU eller andre råd skal involverast i. For å oppfylle kravet til brei og representativ medverknad, må skulen synleggjere ei større bevisstheit rundt involvering i analysen og i arbeidet med endringar og tiltak. Koplinga til stopp-punkta i den skulebaserte vurderinga må vere tydelege. Mål med involveringa og tidfesting av når arbeidet skal skje bør kome fram av årshjula.

Lærarane er, saman med elevane, dei mest sentrale i gjennomføringa av tiltaka, og det er derfor viktig at dei er involverte i analysen av kunnskapsgrunnlaget. Det vil kunne skape ei felles forståing av nåsituasjonen. Vi er kjende med at skulen gjennomførte ståstadsanalysen i 2018, men finn ikkje at denne er nytta i den skulebaserte vurderinga. Vi er ikkje kjende med at skulen har gjennomført andre eigenvurderingar. I undersøkingane våre finn vi at lærarane er gjort kjende med dei svake resultatane på lesing, og at dei prosessane skulen har lagt til rette for i etterarbeidet med nasjonale prøver har skapt ei forståing for nåsituasjonen på dette området. Undersøkingane våre synleggjer likevel ikkje ei bevisstheit rundt kva som er årsaka til dei låge resultatane over tid på lesing. Samtidig kjem det fram eit manglande eigarskap til utviklingsområdet livsmeistring, og vi finn ikkje at lærarane er involverte i analysen som ligg til grunn for val av tema. Vidare viser undersøkingane våre at lærarane i lita grad er involverte i ei heilskapsvurdering som reflekterer breidda i måla i læreplanverket. Ein konsekvens av dette er at lærarane sin kunnskap om skulen sin praksis ikkje blir ein del av analysen, og skulen får eit svakare grunnlag for å vurdere *kor vi er og kor vi skal hen*. Ein annan konsekvens er utfordringar i forankringa av utviklingsområda.

Skulen har ei utviklingsgruppe som består av leiinga. Dersom gruppa blir utvida med andre tilsette, vil det kunne gi auka medverknad. Skulen har også moglegheit for å involvere tillitsvald i større grad i den skulebaserte vurderinga og slik sørge for medverknad frå tilsette. Vi er ikkje kjende med at skulen vurderer slike endringar.

Undersøkingane våre viser at lærarane blir involverte i arbeidet med endringar og tiltak i eit fast møte om utviklingsplanen om våren og i planleggingsdag ved oppstart av nytt skuleår. På planleggingsdagen får lærarane kome med innspel til mål og tiltak i planen. Oppgåva har link til fagstoff omkring temaa lesing og livsmeistring, i tillegg finn vi referansar til faglitteratur i utviklingsplanen som vi antar blir lagt til grunn for val av tiltaka.

For at lærarane skal bli bevisste i kva grad ulike tiltak fører til læring for elevane, må lærarane også vere sentrale i arbeidet med å prøve ut og evaluere tiltaka. Vi finn at lærarane individuelt og i laga planlegg og gjennomfører nokre av tiltaka i utviklingsplanen, til dømes bruk av lesestrategiar og intensivkurs, og at leiinga har lagt til rette for dette arbeidet. Vidare finn vi i halvårsplan for PU-tid at det er sett av tid til nokre av endringstiltaka. Samtidig er det fleire tiltak som vi ikkje finn att i planane. Vi vurderer at skulen har ei organisering av PU-tid og lag som legg til rette for erfaringsdeling og vurdering. Leiinga er også representerte på kvart lag og kan sikre prosessane. Undersøkingane våre viser at arbeidet likevel varierer frå lag til lag og person til person. Vi har ikkje funne at leiinga i tilstrekkeleg grad har lagt til rette for ei *systematisk* utprøving og evaluering av kva verknad tiltaka har, til at lærarane blir bevisste kva tiltak som best fører til læring for elevane.

Oppsummert finn vi at lærarane i lita grad er involverte i analysen, men at dei i større grad er involverte i arbeidet med endringar og tiltak. Vi vurderer at involveringa ikkje er tilstrekkeleg til å bevisstgjere lærarane på samanhengen mellom eigen praksis og i kva for grad elevane når måla.

Vi finn at føresette er involverte i delar av den skulebaserte vurderinga, men vurderer at skulen må ha ei større bevisstheit rundt føremålet med involveringa og utarbeide ein plan/årshjul som synleggjer mål og tidspunkt for arbeidet.

Statsforvaltaren sin konklusjon er at skulen ikkje oppfyller kravet til brei og representativ medverknad i den skulebaserte vurderinga. I vurderinga blir ikkje personalet tilstrekkeleg bevisstgjort samanhengen mellom gjennomføringa av opplæringa og i kva for grad elevane når måla.

Involverer skulen elevane i den skulebaserte vurderinga?

Skulen skal involvere elevane for at skulen skal kunne vurdere i kva grad eigen praksis bidrar til at elevane når måla i læreplanen. Regelverket seier at det kan variere kva for elevgrupper og kor mange ut ifrå kva som er temaet, men skulen skal alltid involvere elevane.

Skulen har eit etablert elevråd. I møteplanen for rådet finn vi bla. at saker angående skulemiljøet blir tatt opp. Vi er også kjende med at tiltaket lese-venn, som er eit tiltak i utviklingsplanen, kom som forslag frå elevrådet. I så måte får elevrådet uttale seg om saker som angår dei og at innspel blir følgde opp. Vi finn også at leiinga etterspurde teikn på god klasseleiing frå elevrådet i 2019 og fekk gode innspel, men er ikkje kjende korleis dette er tatt med i den skulebaserte vurderinga. Endringar og tiltak i utviklingsarbeidet gjeld i stor grad elevane. Vi finn likevel ikkje ein direkte samheng mellom sakene i elevrådet og dei ulike stopp-punkta skulen har for arbeidet med utviklingsplanen og gjennomføringa av endringstiltaka. Vi vurderer at involveringa av elevrådet er for tilfeldig og fragmentert.

I våre undersøkingar finn vi at elevane gir tilbakemeldingar til skulen gjennom ulike undersøkingar og at dei slik bidrar til kunnskapsgrunnlaget. Likevel finn vi ikkje at elevane blir spurde om kva som ligg bak svara når skulen analyserer kunnskapsgrunnlaget. Undersøkingane våre viser vidare at elevane i lita grad er involverte i vurderingane av undervisninga. Føremålet

med å involvere elevane i undervisningsvurderingane⁶ er å forbetre opplæringa for elevane, men også som informasjon i den skulebaserte vurderinga for å utvikle skulens praksis. Vi vurderer at skulen har utviklingspotensiale til i større grad å bruke elevane sine erfaringar i dei skulebaserte vurderingane.

Vi finn ikkje at skulen har ei tilstrekkeleg bevisstheit rundt føremålet med involveringa, eller at involveringa er systematisk nok til å oppfylle *at det kan variere kva for elevgrupper og kor mange ut ifrå kva som er temaet, men de skal alltid involvere elevane.*

Statsforvaltaren sin konklusjon er at elevane ikkje er tilstrekkeleg involverte i den skulebaserte vurderinga.

Vi vil gjere rektor merksam på at skulen også skal ha eit skulemiljøutval (SMU). Vi er ikkje kjende med at skulen har eit etablert SMU pr. i dag.

2.2.3 Oppsummering

Gjennomfører skulen skulebasert vurdering jamleg?

Frøyland skule utarbeider årlege utviklingsplanar. I tillegg viser skuleeigar si sjekkliste for skuleleiarar at Time kommune har eit system for at skulane gjennomfører skulebasert vurdering årleg. Undersøkingane våre viser at skulen gjennomfører aktivitetane i tråd med sjekklista. I vurderingane våre over har vi konkludert med at skulen ikkje oppfyller krava på alle områda. Statsforvaltaren si samla vurdering er likevel at skulen gjennomfører skulebasert vurdering jamleg fordi skulen har system for å gjennomføre aktivitetane regelverket krev.

Statsforvaltaren sin konklusjon er at skulen gjennomfører skulebasert vurdering jamleg.

3 Våre reaksjonar

3.1 Pålegg om retting

I kapitla ovanfor har vi konstatert at de ikkje oppfyller regelverket på alle område. Vi pålegg dykk å rette opp følgande, jf. kommunelova 30-4:

Time kommune må sørge for at Frøyland skule oppfyller kravet til skulebasert vurdering, jf. forskrift til opplæringslova § 2-1.

Kommunen må sørge for at skulen

- Bruker eit breitt kunnskapsgrunnlag for å vurdere om elevane når måla i læreplanverket
- Evaluerer dei iverksette endringane og gjer nødvendige tilpassingar
- Har brei og representativ medverknad i arbeidet med skulebasert vurdering
- Involverer elevane i den skulebaserte vurderinga

⁶ <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/kvalitetsarbeid-i-opplaringen/undervisningsvurdering-retteleiar/>

4 Oppfølging av pålegga

De skal setje i verk tiltak for å rette brot på regelverket straks. Når pålegga er retta, skal de erklære at rettinga er gjennomført og gjere greie for korleis de har retta.

Fristen er 05.04.2021. Vi vil ikkje avslutte tilsynet før de gjennom erklæringa og utgreiinga har vist at pålegga er retta.

5 De har rett til å klage

Tilsynsrapporten er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2 bokstav b. De kan klage på enkeltvedtaket.

Dersom de klagar, må de gjere det innan tre veker. Fristen gjeld frå beskjed om at brevet har komme fram til dykk, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. De sender klagen til oss. Vi har moglegheit til å omgjere vedtaket. Dersom vi ikkje er einige med dykk, sender vi klagen til Utdanningsdirektoratet som avgjer saka.

I forvaltningslova § 32 kan de sjå korleis de skal utforme klagen.

De kan be om at vi ikkje set i verk vedtaket før klagefristen er ute, eller klagen er endeleg avgjord av Utdanningsdirektoratet, jf. forvaltningslova § 42.

De er part i saken og har rett til innsyn i saksdokumenta, jf. forvaltningslova § 18.

Stavanger 05.01.2021

Lina Bryne Larsen
Tilsynsleiar

Anne Marie Melberg Skaar

Elisabeth Ur Fjørtoft

Vedlegg: Liste over dokumentasjon

- Organisasjonskart Frøyland skule
- Fast møteplan FS
- Felles retningslinjer for dei ulike trinna
- Retningslinjer for kontaktlærar
- Ref. SU 06.02.19
- Skulebruksplan 2020-2028
- Tilstandsrapport Jærskulen 2019
- Kvalitet og utvikling i Jærskulen, Tilstandsrapport 2019
- Utviklingsplan 3 siste åra FS
- Plan for 5 åringane Kvernaland område 2019/20
- Overgangsplan 0-16 Time kommune
- Mal for utviklingssamtale
- Ref. oppvekstteam 02.10.2019
- Ref. FAUmøte 05.09.19
- Protokoll SU 12.02.20
- Ref. FAU 05.02.20
- Ref. FAU 21.04.20
- Ref. FAU 09.06.20
- Ref. FAU 27.08.20
- Ref. høyrings svar Skulebruksplan FAU 27.08.20
- Årshjul FS haust og vår
- Plan over PU-tid haust 2019, vår 2020 og haust 2020
- Sjekkliste haust 2020
- Veke 39 oppgåver for 1.-4. trinn i PU-tid
- Oppgåver planleggingsdag oppstart haust 2020
- Vekeagenda i OneNote fram til haustferien
- Møteplanar og ref. frå laga haust 2020
- Ref. frå utviklingsgruppa haust 2020
- Olweusundersøkinga vår 2019
- Elevrådsaker, møteplan og referat
- Standard for klasseleiing
- Standard for vurdering for læring
- Standard for spesialundervisninga
- Mal for målprøve
- Mal for utviklingssamtale på 3. trinn
- Mal for innhaldet i lagmøta på Frøyland skule
- Ref. statusmøta med skuleeigar
- Olweus revisjonsrapport
- Canvas og ref. "Laget rundt lærar og elev"
- SOL 6a
- Ordkjedetest 6a
- Døme på halvårsvurdering 6. trinn
- Mal for trivselsundersøking 6. trinn